



Fylkesmannen i Hordaland

Sakshandsamar, innvalstelefon
Anniken Friis, 5557 2313

Vår dato
08.12.2016
Dykkar dato
08.11.2016

Vår referanse
2016/623 561
Dykkar referanse

NVE - Norges vassdrags- og energidirektorat
Postboks 5091 Majorstua
0301 OSLO

Uttale til revidert prosjekt Todeilselva kraftverk i småkraftpakke Modalen

Vi viser til avgrensa høyring på revidert prosjekt for utbygging av Todeilselva kraftverk i Modalen kommune. Prosjektet som er på høyring vart presentert av utbyggjar på synfaringa 11. oktober 2016.

Kraftstasjonen er flytta frå Ædnabekken til Todeilselva, og skal ligge ovanfor anadrom strekkje. I nytt prosjekt vil ikkje røyrkata krysse gamal ferdaveg og viktig tursti mellom Modalen og Eksingedalen. Inntaket og veg fram hit vil likevel bli godt synleg frå stien, noko som er negativt for opplevingsverdien i området.

Fylkesmannen meiner at revidert prosjekt tek større omsyn til verdiane i området, og soleis betre enn opphavleg forslag. Vi viser til vår uttale av 24. juni 2016 når det gjeld vilkår for anadrom fisk.

Med helsing

Kjell Kvingedal
miljøvernssjef

Anniken Friis
seniorrådgjevar

Brevet er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.

Kopi til:

Modalen kommune	Postboks 44	5729	Modalen
Hordaland fylkeskommune	Postboks 7900	5020	Bergen
Miljødirektoratet	Postboks 5672 Sluppen	7485	TRONDHEIM
Forum for Natur og Friluftsliv i Hordaland v/ Bergen Turlag	Tverrgt. 4/6	5017	BERGEN